

Kommunale medverknadsorgan for ungdom i Møre og Romsdal

Kartlegging av rammevilkår 2018



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunale medverknadsorgan for ungdom

Forord

Formålet med undersøkinga var å få ei betre oversikt over korleis det står til med ungdomsråda rundt om i kommunane. Kva rammeføresetningar har dei for å kunne gjere den jobben dei skal, korleis blir dei involverte i kommunale saker og korleis opplever dei forholdet til fylkeskommunen?

Kartlegging vil bli lagt fram for ungdomspanelet og ungdommens fylkesting hausten 2018, og vil bli brukt vidare i arbeidet til fylkeskommunen ut mot ungdomsråda i kommunane.

Spørjeskjema er sendt til alle koordinatorane/sekretærene for ungdomsråd i kommunane. 34 av 36 kommunar i Møre og Romsdal har svart. Hareid kommune hadde ikkje ungdomsråd på tidspunktet for undersøkinga, og Sandøy kommune har ikkje svart. På dei ulike spørsmåla varierer det kor mange kommunar som har svart. Det er i hovudsak koordinatorane for ungdomsråda som har fylt ut undersøkinga, og om lag halvparten (47,1 prosent) har gjort dette saman med leiar i ungdomsrådet. Det var ønskeleg at dei fylte ut skjema i lag, då enkelte spørsmål kan oppfattast forskjellig av den vaksne tilsette og av ungdomane sjølve. I forkant av undersøkinga vart det forsøkt å informere alle koordinatorane om kartlegging.

Undersøkinga er gjort ved bruk av programvara QuestBack der tilbakemeldingane er rapportert ved utfylling av eit elektronisk skjema.

Molde, september 2018

Samandrag

Undersøkinga viser at 35 av 36 kommunar har eit eige medverknadsorgan for ungdom. 91,2 prosent kallar dette for ungdomsråd, medan 8,8 prosent kallar det for barn- og unges kommunestyre. Vidare i rapporten vil medverknadsorganet for ungdom kallast ungdomsråd.

Samansetting

Medlemmene i kommunen sitt medverknadsorgan for ungdom er jamt fordelt mellom jenter og gutar. I hovudsak ligg aldersspennet på medlemmane i ungdomsråda i år mellom 13 og 19 år. Men ein ser at det i nokon kommunar er medlemmar som er opp til 25 år. Det er ulik praksis på korleis medverknadsorganet for ungdom blir valt. I nærare 30 prosent av kommunane sitt representantar frå elevrådet fast inne i medverknadsorganet for ungdom, i andre kommunar skjer det eigne val, anten via nominering eller etter eiga søknad frå dei unge.

Organisering

Alle kommunane stiller med koordinator som er tilgjengeleg for råda. Storleiken på stillingsprosenten varierer frå to til 100 prosent, og er plassert ulike stader i administrasjonen. Koordinatorstillinga er viktig for arbeidet til råda, og har som regel ansvaret for å hente inn saker frå administrasjonen, sende ut innkalling og å organisere det praktisk rundt møte og liknande.

93,8 prosent har eigne vedtekter/reglement for ungdomsrådet, medan 3,1 prosent svarar nei, 3,1 prosent veit ikkje og to kommunar har ikkje svart.

Økonomi

Nærare 70 prosent av ungdomsråda har ei eiga budsjetttramme.


Opplæring

Heile 17,6 prosent har svart at dei ikkje har noko form for opplæring eller skolering av ungdomsrådet. Og av dei som får opplæring ser ein at det her er ulik praksis, der over 70 prosent svarar at dei får innføring/opplæring av ein eller fleire tilsette i kommunen. På Søre Sunnmøre har dei felles opplæringsdag (ungdomskonferanse) for alle ungdomsråda i dei kommunane. Ønska om hjelp frå fylkeskommunen til arbeidet med ungdomsrådet er behandla i UP, og det vert arbeidd med ein strategi for å gjere kommunikasjonen betre.


Innflytelse

Nær halvparten av ungdomsråda meiner dei har ganske stor eller svært stor innflytelse på dei sakene som dei handsamar. Mens nærare 40 prosent meiner den verken er liten eller stor. Her er det eit potensiale for å auke opp innflytelsen til ungdomsråda i den kommunale saksbehandlinga.


Medlemmer fordelt på kjønn



Medlemmer fordelt på kommune



Har rådsmedlemene fått nokon form for innføring/opplæring i rådet si verksemd?




Alle kommunane har svart at kommunen stiller til rådighet eit sekretariat eller ein koordinator for rådet. Der 30 har svart på spørsmålet om kor stor del av eit årsverk dette tilsvara. Ut i frå svara ser ein at langt over halvparten har under 16 prosent satt av i eit årsverk til denne ressursen, mens fem kommunar svarer at arbeidsmengda varierer ut i frå arbeidsoppgåvene og frå månad til månad.

Del av årsverk i prosent	Tal på kommunar
0-5 %	10
6-15 %	9
16-100%	6
Variere	5
Ikkje svart	4
	N = 34


Det er ulikt kor i kommunen sin administrasjon sekretariatsfunksjonen er plassert. Nærare halvparten av kommunane har den plassert i eining for kultur, mens nokon har den knytt til rådmannens stab og det politiske sekretariatet.

Plassering i administrasjonen	Tal på kommunar
Kultur	18
Rådmann/politisk sekretariat	5
Servicekontor/fellesteneste	3
Anna	7
Ikkje svart	1
	N = 34

Har rådet eiga budsjetttramme?



Kva av følgjande oppgåver ivaretek sekretariatet/koordinator? (fleire kryss mogleg)




Er det laga vedtekter/reglement for rådet?

93,8 prosent har egne vedtekter/reglement for ungdomsrådet, medan 3,1 prosent svarar nei, 3,1 prosent veit ikkje og to kommunar har ikkje svart på dette spørsmålet.


Fleire har valt å laste opp sine vedtekter/reglement for ungdomsrådet. Mange er redigert i løpet av dei siste åra, noko som indikerer at dei blir brukte og følgde.

Vedtektene til ungdomsråda har mange fellestrekk. Dei inneheld eit mandat som omhandlar at rådet skal ivareta ungdommen sine interesser, tale deira sak og vere eit rådgivande- og høyringsorgan. Vedtektene seier noko om samansetting og val av rådet, om arbeidsmåtar, tal på møte i året og krav til årsmelding. Mange av vedtektene fastslår møte-, tale- og forslagsrett i kommunestyret, og at vedtektsendringar må godkjennast eller vedtakast av kommunestyret. Dei fleste råda kan ta opp egne saker, i tillegg til å behandle saker skriven av administrasjonen eller andre. Mange har fastsett at rådet skal ha egne budsjett eller ei årleg økonomisk ramme. Nokre ungdomsråd delar ut egne kulturmidlar/ungdomsmidlar. Alle råda har i vedtektene at ungdomsrådet skal ha ein eller fleire mentorar/politikarkontakte blant dei folkevalde.


Går det fram av kommunen sine interne reglar kva saker som skal leggjast fram for rådet?



Kven bestemmer vanlegvis kva saker som skal leggast fram for rådet? (fleire kryss mogleg)




Om du tenker på alle saker rådet behandlar under eitt, kor stor innflytelse vil du sei rådet har?




Når i arbeidet blir rådet som regel involvert i dei kommunale prosessane (t.d. planar, utviklingsarbeid, større byggeprosjekt)?

Råda blir involvert på ulike stadium i dei kommunale prosessane, og det varierer og mellom ulike område. I plansaker blir mange råd involvert tidleg, mens dei i budsjettsaker blir involvert mykje seinare. Nokre kommunar er flinke til å sende saker til ungdomsråda, slik at dei kan få medverke på eit tidleg tidspunkt. Mange har også representantar frå ungdomsrådet i ulike arbeidsgrupper/plangrupper i kommunen. Den enkelte saksbehandlar og dei ulike fagavdelingane har stor betydning for når ungdomsrådet blir involvert i dei kommunale prosessane. Dei fleste ungdomsråda får saker sendt på høyring, som dei andre råda og utvala i kommunen. Då er ofte mange av føringane i saka allereie gitt.

Tar rådet ofte opp saker på eigenhand, eller uttalar rådet seg først og fremst om saker som blir lagt fram av kommunen? (fleire kryss mogleg)



Omtrent kor mange saker behandlar rådet per år?




Dette har også samanheng med kor mange møte dei ulike råda har i løpet av eit år. Varierer frå 2 til ca 8 møter.

Ulike saksområdet som det kan tenkast at rådet arbeider med. Kor vanleg er det at rådet arbeider med følgjande saksområde?

	Svært uvanleg	Nokså uvanleg	Nokså vanleg	Svært vanleg	Veit ikkje
Helse/sosial/omsorg	18.2%	42.4%	30.3%	9.1%	0.0%
Uteområde	6.1%	18.2%	51.5%	24.2%	0.0%
Transport	9.1%	24.2%	30.3%	36.4%	0.0%
Bygningar	18.2%	45.5%	30.3%	6.1%	0.0%
Kultur	0.0%	3.1%	40.6%	56.3%	0.0%
Idrett	9.1%	27.3%	39.4%	24.2%	0.0%
Stadsutvikling/ byutvikling	3,1 %	18,8 %	46,9 %	31,3 %	0.0%
Fritidstilbod retta mot ungdom	0,0 %	0,0 %	27,3 %	69,7 %	3,0%
Skole/Utdanning	3.0%	18.2%	45.5%	30.3%	3.0%


Kor viktig er følgjande faktorane etter din meining når det gjeld å få innverknad?



Kor viktig er følgjande faktorane etter din meining når det gjeld å få innverknad?

	Ikkje viktig	Litt viktig	Nokså viktig	Svært viktig	Veit ikkje
At personar som har kompetanse på relevante fagfelt kjem og fortel om saker	0.0%	0.0%	24.2%	75.8%	0.0%
At rådet har romslege budsjett	9,1 %	18,2 %	48,5 %	24,2 %	0.0%
At administrasjonen deltek i rådet og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	0.0%	3.0%	24.2%	72.7%	0.0%
At politikarar deltek på møte og drøftar/får signal på eit tidleg tidspunkt i prosessen	0.0%	9.1%	39.4%	51.5%	0.0%
At rådsmedlemmane får opplæring i kommunal politikkutforming og prosedyrar	3.0%	21.2%	27.3%	48.5%	0.0%
At rådsmedlemmane får opplæring om viktige saksfelt	3.0%	12.1%	33.3%	51.5%	0.0%

I kva grad samarbeider ungdomsrådet med barn- og unges talsperson (barnerepresentant) i kommunen?




Det er stor variasjon i kor stor grad råda samarbeider med barn- og unges talsperson i kommunane.

Blir det arrangert regionskonferansar/samlingar for ungdomsråd i din region (sunnmøre/romsdal/nordmøre, ikkje UFT)?

53 prosent svarar at det blir arrangert konferansar for ungdomsråd i sin region.

I dei regionane det blir arrangert felles konferansar for ungdomsråd blir det arrangert cirka ein gong per år. Både opplæring i det å vere politisk og organisasjonsopplæring om korleis ting fungerer og heng saman blir trekt fram som viktige område. Vidare ønsker dei seg oppfølging og tips til saker og enda betre kontakt med ungdomspanelet i fylket. Dei fleste råda seier at dei deltek på desse konferansane, i dei regionane der dette blir arrangert.

Korleis vurderer du kontakta med ungdommane i ungdomspanelet?



Korleis leiar av ungdomsrådet og koordinator vurderer kontakta med ungdommane i ungdomspanelet er ulikt. Der nærare 30 prosent svarer at den er svært dårleg eller at ein ikkje har hatt kontakt. Fleire poengterer at det er mykje einvegs kommunikasjon, fleire saknar referat frå møter og besøk frå ungdomspanelet heim i eiga kommune. Storparten av dei som er fornøgd med kontakta med ungdommane i ungdomspanelet har medlemmar i ungdomspanelet på tidspunktet da undersøkinga ble svart på.

Er det behov for/ønske om at det skal arrangerast felles samlingar for koordinatorarar for ungdomsråd på regionalt nivå?

Nærare 85 prosent har behov eller ønske om at det skal arrangerast felles samling for koordinatorer for ungdomsråde på regionalt nivå. Der 70 prosent av desse ønsker at dei blir arrangerast som regionale samlingar. Medan 30 prosent ønsker at det arrangerast felles samlingar for heile fylket.

Har du forslag til tema for ei slik samling?

Erfaringsutveksling og nettverksbygging mellom koordinatorane går igjen flest gongar i svara, i tillegg er det ein ønske å få opplæring i korleis ein utfører sin rolle på best mogleg måte og korleis ein skal klare å skape eit godt fungerande, synleg og aktivt ungdomsråd.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500, 6404 (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Telefon: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
mrfylke.no